

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/1438-1

## **Kulturmidlar 2019 - føringar og prioriteringar**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Hovudutval næring og kultur tek saka til vitande med dei prioriteringar og presiseringar som er gjort i kapittel 3.
- 2 Prioriteringar og føringar slik desse kjem til uttrykk i kapittel 3 i saka vert lagt til grunn for handsaming av søknader om kulturmidlar saman med eksisterande retningslinjer og reglement.

### **Vedlegg:**

Grunnleggjande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål.  
Retningslinjer kulturmidlar

### **Andre relevante dokument i saka:**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Kommunane har førstelineansvar i kulturpolitikken, dvs. at dei skal sikre eit mangfald av tilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar. Fylkeskommunane skal ikkje overta kommunane sitt lokale ansvar, men ha oversyn og sikre tilgang til meir spesialiserte eller regionale kulturtilbod.

Regional plan for kultur 2019 – 2027 styrer fylkeskommunen sine prioriteringar innan feltet.

Saka viser kulturpolitiske prioriteringar for tildeling av kulturmidlar 2019. Den tydeleggjer også vurderingane rundt kva det vil seie å vere ein regional aktør som kan støttast med kulturmidlar frå fylkeskommunen.

### **2. Bakgrunn for saka**

Kulturlova viser kommunen og fylkeskommunen sitt ansvar for å fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.

Staten, fylkeskommunen og kommunen skal syte for:

- at kulturlivet har føreseielege utviklingskår
- å fremje profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og legge til rette for deltaking i kulturaktivitetar

- at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.

Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver midlar til kulturaktivitet gjennom ordninga «Kulturmidlar». Denne er delt i to, *Tilskot til drift* og *Tilskot til prosjekt og tiltak*.

HNK vedtok 25.10.16. i sak 87/2016 nye retningslinjer for tildeling. Desse består av ei retningslinje for kvar av tilskotsordningane som omhandlar kva som kan få tilskot, krav til søknaden, søknadsbehandling, vilkår og klage. I tillegg er det utarbeidd eit bakgrunnsdokument «Grunnleggjande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål». Dette skal utdjupe dei regionale prioriteringane.

I tillegg vedtok HNK 30.05.17 i sak 33/2017 «Festivalstrategi Sogn og Fjordane fylkeskommune». Denne er no ein del av regional plan for kultur.

Regional plan for kultur 2019 – 2027 vart vedteke i fylkestinget 19.10.18. Denne er følgt opp av eit handlingsprogram 2019 - 2022 som vart vedteke i fylkestinget 04.12.18 og ein handlingsplan 2019 som vart vedteke av hovudutval næring og kultur 6. februar 2019. Desse er styrande for tildeling av kulturmidlar 2019.

Kulturmidlane er innretta mot drift av frivillig sektor og kunstproduksjon og –formidling frå det frie feltet og frivillig sektor. Fylkesdirektøren vil løfte fram føringane som er lagt i kulturplanen innan desse felte vidare i denne saka.

I tillegg er prioriteringar i budsjett 2019 styrande for tildelingane.

Kulturmidlar vert løyvd etter ei samla vurdering, som saman med retningslinjene avgjer prioriteringane. Midlar til rådvelde for føremålet styrer også i stor grad prioriteringane. Fylkesrådmannen er delegert mynde til å tildele kulturmidlar. Fylkesrådmannen har delegert dette vidare til fylkesdirektøren.

### 2.1. Grunnen for at saka er fremja

Fylkesdirektøren ser at det er viktig å signalisere ev. politiske prioriteringar for tildeling før sakshandsaming slik at ein har høve til å hente ev. opplysingar som manglar og som kan utfylle søknaden og sikre høgast mogleg løyvingegrad før ein gjer vedtak. Dette er særleg viktig ved søknad om midlar til prosjekt og tiltak.

### 2.2. Søknadsprosess for 2020

Fellesnemnda vedtok i møte 14.02.19 i sak 12/19 «*Tilskotsordningar regionale organisasjonar og institusjonar*» at «søknadsfrist for Vestland fylke er 1. april kvart år og gjeld for påfølgjande budsjettår.» «Vestland fylkeskommune set av driftsmidlar i budsjettet. Driftstilskot til institusjonar, lag og organisasjonar vert lagt inn som budsjettvedtak.»

Dette betyr ei endring for søkjarane i Sogn og Fjordane som har søkt same år som løyvinga vert gitt. Alle mottakarar av driftstilskot har fått melding i brev om dette, jf også «skriv og meldingar», og det er også kunngjort på sfj.no og i avisene slik at ev. nye søkjarar har høve til å søkje.

Det vert også lagt til grunn eit framhald av eksisterande tilskotsordningar, der ein byggjer saman dei ulike ordningane fylka har, slik at ein får på plass dei økonomiske rammene, ei forsvarleg administrativ handtering og tenlege ordningar for kultur og idrettslivet i 2020. Slik «samanbygging» vil skje i løpet av hausten 2019.

### 2.3. Sentrale problemstillingar

#### *Regionale tiltak vs kommunale tiltak*

I tråd med kulturlova skal kommunane leggje til rette for, og sikre eit breitt lokalt kulturtilbod. Kommunane har førstelinansvar i kulturpolitikken, dvs. at dei skal sikre eit mangfald av tilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar. Fylkeskommunane skal ikkje overta kommunane sitt lokale ansvar, men ha oversyn og sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtilbod.

Fylkesdirektøren ser at det er trong for å løfte det regionale aspektet og vere klare på kva det vil seie å vere ein regional aktør som vert støtta med fylkeskommunale midlar.

#### *Kulturpolitiske prioriteringar*

Fylkeskommunen skal støtte kulturen sin eigenverdi og stimulere til eit berekraftig kulturliv. Tilskotsordninga Kulturmidlar har også som føremål å oppfylle dei regionale måla innan kultur. Dette er vist i regional plan for kultur, handlingsprogram og handlingsplan 2019.

Relevante prioriteringar i regional plan for kultur for denne tilskotsordninga er:

- Tiltak som sikrar at alle skal kunne nytte seg av eit mangfaldig og variert kulturtilbod, universell utforming vert her viktig.
- Driftsmidlar til frivillige kulturorganisasjonar
- Tilskot til prosjekt og tiltak arrangert av frivillig sektor og det frie feltet innan:
  - o Musikkformidling, som t.d. festivalar
  - o Kunstfilm
  - o Litteratur
  - o Nynorsk språk og språkpolitikk
  - o Scenekunst
  - o Profesjonell kunst i det offentlege rom
- Møteplassfunksjonar, opne møteplassar
- Tiltak som vidareutviklar kulturelle kraftsenter i fylket

Inkludering vert løfta fram som eit prioritert område i budsjett 2019 og regional plan. Dette vil verte lagt vekt på også ved tildeling av kulturmidlar.

#### 2.4. Grunnleggjande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål

Vedlagte dokument «*Grunnleggjande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål*» vart vedteke av HNK i sak 87/16 i samband med at det vart vedteke nye retningslinjer for tildeling av kulturmidlar. Sidan da er regional plan for kultur 2019 – 2027 vedteke og denne har avløyst kulturstrategien som gjeldande styringsdokument. Innhaldet i dokumentet står seg likevel godt i dag, med unnatak av punkt 1 som skisserte satsingane i kulturstrategien. Fylkesdirektøren har difor justert punkt 1 og lagt inn vedteke styringsdokument, regional plan for kultur, og bytta ut målbildet med gjeldande plan sitt målbilde. Utover dette er dokumentet ikkje endra og fylkesdirektøren ser på dette som ei mindre endring og ber om at HNK legg dette justerte dokumentet til grunn for tildelingane i 2019.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### 3.1. Kulturmidlar – vurderingskriterier

Stønad gjennom kulturmidlar er ikkje ein rett. Løyvingar vert gitt gjennom ei heilskapleg vurdering. Det er alltid søkt om eit betydeleg høgre tilskot enn det er tilgjengelege midlar til å innfri. Fram til no har ein freista å gi tilskot til alle kvalifiserte søkjarar. Dette betyr at løyvingsprosenten i høve til omsøkte midlar ofte er låg. Forventningane om tilskot er høg hos alle søkjarar og fram til no er dette løyst ved å gi små tilskot til mange i von om at dette utløyer midlar hos stat og kommune og stimulerer til vidare aktivitet. Om dette skal endrast, der ein går inn og løyver større tilskot til færre, må ein leggje sterkare kunstnarlege føringar og vurdere kvalitet i mykje høgare grad enn i dag.

Det er difor - ut frå føremålet med ordninga og føringane i regionale planar og strategiar, sett opp kriterier som søknadane vert målt opp mot. Dette sikrar også at søkjarane på førehand kan vurdere om dei kjem innanfor tilskotsordningane.

Ein søknad må ikkje oppfylle alle kriteria, men i sterkare grad og jo fleire kriterier ein oppfyller, jo meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Det skal vere føreseielege og transparente søknads- og handsamingsrutinar.

#### Tilskot til drift til organisasjonar

Tilskot vert gitt til fylkesdekkande organisasjonar/fylkesledd med føremål og tydeleg grunngeving innan kultur og idrettsfeltet og med eit regionalt nedslagsfelt og regional tyding. Tilskotet er gitt til

organisasjonen sin normale aktivitet og det vert ikkje stilt ytterlegare krav til aktiviteten, utover at organisasjonen må oppfylle eige føremål, vere demokratisk bygd og ha aktivitet.

#### Tilskot til festivalar (driftstilskot)

Utgangspunktet er kulturrådet sin intensjon om inntil 5-årig støtte. Festivalar som ønskjer statleg stønad utover 1 år må ha ein intensjonsbrev frå fylket og/eller kommune om ein regional del. Ønskjer ein inntil 5-årig støtte er det krav om prosentvis fordeling 60/40 mellom stat og region. Inntil 3-årig støtte må vise intensjonsbrev om langvarig støtte frå regionen, men ikkje krav om prosentvis fordeling. Førebels har kulturrådet ikkje klart å oppfylle intensjonen om 5-årig stønad til nokon søkjar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune si prioritering av festivalar er likevel fast, om kulturrådet i 2019 vil oppfylle sine føringar. Dette utelukkar ikkje søknader frå andre festivalar, men da som eittårig tilskot.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har prioritert desse festivalane for femårig tilskot

- Førdefestivalen
- Norsk Countrytreff

For treårig tilskot er desse prioritert:

- Gloppen musikkfest
- Malakoff Rockfestival
- Nynorske litteraturdagar
- Teaterfestivalen i Fjaler

Innan dei til årleg gjeldande økonomiske rammer legg fylkesdirektøren desse føringane for prioriteringane for støtte til festivalar:

- tilskot til festivalen frå kommune og stat:
  - festivalar som ikkje mottek stønad frå vertskommunen kan ikkje forvente å få regionale løyvingar.
  - fylkeskommunen vil følgje opp statlege løyvingar frå kulturrådet si stønadsordning til musikkfestivalar, dvs. at musikkfestivalar som ikkje mottek stønad frå denne stønadsordninga i utgangspunktet ikkje kan forvente å motta regionale midlar. Unnataket er om det vert vurdert å støtte festivalar som utvider sjangerbreidda.
- forankring i heimkommune og -region. Sogn og Fjordane vert sett på som ein region, det er ikkje vektlagt anna geografisk spreining. Vertskommunen må støtte opp om festivalen gjennom planverk og budsjett.
- Festivalar som sjølv produserer innhald, dei som har markert seg i regionale og nasjonale prosessar og nettverk og dei som bygger fagmiljø og kompetanse vert prioritert. Talentutvikling og rekrutteringsarbeid til scene vert lagt vekt på.
- Formidlingsevne, publikumspotensiale i høve til arena og publikumsoppslutning vert lagt vekt på.
- Grad av frivilligheit og eit generelt tilbod til born og unge vert dekkja av alle festivalar, og utover at festivalen må ha dette på plass så vert dette ikkje lagt avgjerande vekt på.

#### Tilskot til arrangørar, prosjekt og tiltak

Skiparar av prosjekt og tiltak kan vere lag, samanslutningar, private aktørar, næringsdrivande som t.d. kunstnarar som tilbyr tiltak som eit avgrensa, ope kulturtilbod (ein konsert, spel, kunstutstilling, kurs el.) eller som ein aktivitet utover vanleg drift og i ei avgrensa tidsperiode.

Dette er viktige kulturtilbod som skapar mangfald i regionen. Samtidig er det her vurderingane ofte kjem opp sidan dette ofte er enkeltarrangement, initiert av ulike aktørar, ofte ikkje forankra i kommune eller fylket, men rett og slett eit resultat av privat initiativ.

Innan dei til ei kvar tid gjeldande økonomiske rammer, legg fylkesdirektøren desse presiseringane og føringar for prioriteringane for støtte til arrangørar og prosjekt/tiltak:

- Fylkeskommunen støttar i utgangspunktet opp om spesialiserte kunsttilbod via støtte til institusjonar i fylket, eigne tilskotsordningar og spesielle regelmessige tiltak. Elles ser fylkesdirektøren det som kommunane sitt ansvar å syte for førstelinetenesta, eit variert og mangfaldig kunsttilbod i kommunen.

- Dei fleste lokalt stadbundne tiltak er opne for eit større publikum, men verken dette eller breidde i marknadsføring avgjer om eit tiltak er lokalt eller regionalt.
- Fylkesdirektøren presiserer at det berre unntaksvis vert støtta arrangement som ikkje er forankra hos vertskommune. Om ein ønskjer å motta stønad til slike arrangement skal fylkeskommunen kontaktast på førehand og prosjektet skal vere presentert for fylkeskommunen før gjennomføring og søknad.
- Fylkesdirektøren legg også vekt på utviklingsaspektet, i kva grad tiltaket er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt og om tiltaket kan kople saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers.

Fylkesdirektøren ser at det er ein høg terskel for å få driftstilskot til tiltak og arrangement, fordi det er kommunen som er førstelineteneste for kulturtilbod og fordi fylkeskommunen har etablert eit system der ein har egne tilskotsordningar t.d. til kunstnarar og ein støtter regionale aktørar si verksemd, t.d. musea i Sogn og Fjordane og Vestlandsutstillinga. Fylkeskommunen si rolle som utviklingsaktør framfor ein tilskotsgivar vert på denne måten styrkt. Likevel har fylkeskommunen rom for å støtte ein del aktivitet, arrangement og tiltak som har eit utviklingsperspektiv. Desse vert henta ut frå søkjarmassen og vurdert spesielt gjennom midlane Hovudutvalet har til disposisjon. Denne praksisen vert vidareført.

#### Regional funksjon

Fylkesdirektøren nyttar her retningslinene som er lagt opp i dokumentet Grunnleggjande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål.

Det regionale omgrepet vert definert ut i frå:

##### 1. Geografisk nedslagsfelt og verkeområde.

Tiltaket har tyding for eit større geografisk område enn ein kommune. Tiltaket vert gjennomført i, eller har deltaking frå, meir enn ein kommune. Dette kan gjelde både deltakarar, arrangørar eller publikum.

Dette vurderer fylkesdirektøren til å vere eit rimeleg tydeleg og greitt kriterium å vurdere både for søkjarar og for fylkesdirektøren.

##### 2. Funksjonen må vere regional.

Tiltak vert vurdert utifrå storleik, fagleg tyngde, kvalitet, særpreg og oppdrag. Fagleg kvalitet og omfang av nyskaping kan vise ei regional rolle, det same kan smalare tilbod og meir eksklusive funksjonar og spisskompetanse.

Dette kriteriet kan vere tyngre å vurdere. Vi ser at klagesaker omhandlar dette på ulike måtar. Det ligg alltid ei samla vurdering til grunn der geografi og funksjon vert sett i samanheng.

## **4. Konklusjon**

Tilskotsordninga skal medverke til at Sogn og Fjordane har eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle.

Det er kommunane som har førstelinansvar i kulturpolitikken, dvs. at dei skal sikre eit mangfald av tilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar. Fylkeskommunen har etablert eit system der ein har egne tilskotsordningar og stør verksemda til regionale organisasjonar. Fylkeskommunen si rolle som utviklingsaktør framfor ein tilskotsgivar vert på denne måten styrkt.